

Skuleprogram Hausten 2017

Hei,

Etter mi meining er det ikkje slik at historia gjentek seg, men ulike mekanismar kan vi sjå igjen. Å leve med krig eller vere på flukt inneber mange av dei same elementa uavhengig av om flukta gjekk føre seg i november 1944 eller skjer i dag, om den blei gjort frå ein krig i Finnmark eller frå ein krig i Syria. Det vil naturlegvis òg vere mykje som er ulikt, men gjennom å studere fortida kan vi, etter mi meining, få eit anna perspektiv på notida. Vi ser notida frå ein annan vinkel.

Å arbeide i krysningsfeltet mellom ulike sider av fortida og ulike tidsperiodar og trekke dette opp mot notida, handlar òg om å finne notida i fortida, og finne nye spørsmål til fortida i dag enn dei gjorde for 20, 30 eller 40 år sidan. Arbeidet med historia handlar ofte om å ha blikk for nyansar og ha forståing for at fortid ikkje er fortid. Ein kan ikkje seie at sånn var fortida og sette to streker under svaret. Det er klart at 9. april 1940 var 9. april 1940 og 28. oktober 1944 var 28. oktober 1944, men korleis kvar enkelt nordmenn og kvar enkelt tysk okkupant opplevde desse dagane, det opnar opp for heilt nye historier.

Å arbeide med historie handlar på mange måtar om å legge eit stort puslespel der det er om å gjere å finne eit mangfald av brikker og få dei til å passe saman. Historia skal og bør studerast frå ulike vinklar ved hjelp av eit mangfald av kjelder, gjenstandar og forteljingar. Inni puslespelet må ein òg legge dei teknologiske og naturstyrte forholda som menneske levde under og ikkje minst dei forholda dei levde under i sitt eige samfunn. Nyansane i puslespelet er spanande. Det å vise at sjølv om Per 5 år i 1944 hadde ei oppleving, kan opplevinga ha vore heilt annleis for Gerd 5 år i 1944, for ikkje å snakke om korleis to personar av ulik alder vil ha opplevd dette året. Situasjonen kan òg ha variert litt frå dag til dag. Vi menneske er samansette på denne måten.

Av og til opplever ein òg å finne brikker som passar saman på tvers av tidsperiode og tematikk. Arbeid med aviser som kjelde er eit nytt tilbod frå museet i år. Når ein arbeider med aviser frå 1944/45, som kjelde ser ein at kontekst er viktig. Det er viktig å vite kva slags forhold avisene blei gitt ut under og det er viktig å vite at nyansar ikkje var viktig. Det var ein utprega bruk av svart/kvitt-tankegang, godt krydra med propaganda – av begge sider. Ein slik svart/kvitt-tankegang kan ein òg finne igjen i det tidlegare synet på den samiske og kvenske befolkninga som ein trussel for det norskaste norske, men ein kan òg finne det igjen i dagens syns på desse to gruppene, ein tanke om at dei er to einskaplege, statiske grupper. Stereotypiar heng igjen. Svart/kvitt-tankegang prega òg delvis synet på dei nordnorske flyktningane i 1944/45 og delvis òg synet på flyktningar i dag. Det er samtidig viktig å understreke at det fanst og finst både nyansar og fargar.

Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms er sett til å forvalte historia om Brent jord, tvangsevakuering og gjenreiseing, og gjennom denne historia kan vi òg studere andre sider ved krigen og etterkrigstida, og vi kan få eit anna blikk på notida. Kanskje kan det bli lettare å få auge på nyansane.

Skuleprogrammet for skuleåret 2017/2018 vil som dei tidlegare skuleprogramma vere prega av variasjon både knytt til tematikk og til tidsperiode. I år som i fjor, vil undervisningsopplegga vere prega av aktiv deltaking frå elevane. Vi gler oss til å vise barn og unge korleis vi arbeider når vi puslar saman fortida og korleis dei kan gjere det same. Vidare ser vi fram til å vise korleis vi kan sjå notida gjennom fortida, og korleis vi stiller nye spørsmål til fortida, basert på samtida. Vi håper at alle vil finne noko av interesse. Vel møtt til museet!

Beste helsing
Julia Stangeland,
museumspedagog

Telefon: 78 40 29 35

E-post: julia.stangeland@gjenreisningsmuseet.no

Praktisk informasjon:

Alle skuleklassar er velkomne til å nytte dei faste utstillingane våre som eit utvida klasserom utan kostnader (skulane må sjølv dekke transport). Matpakke kan etast i kafeen vår i samband med besøk på museet. Bruk av museet krev påmelding per e-post eller telefon. Dersom skulane kontaktar museet i god tid i forkant er det lettare å tilpasse besøket til den enkelte klassen. Lærarane har ansvaret for å halde elevane i ro under besøket.

Gjenreisningsmuseet kan brukast som eit utvida klasserom for fleire fag, mellom anna historie, samfunnsfag, norsk, kunst og handverk og naturfag. Det er eigentleg berre fantasien som set grenser. Dei fleste undervisningsopplegga er fundert i kompetansemål i læreplanar i ulike fag og på den måten òg tilpassa ulike alderstrinn.

Følg oss gjerne på facebook, eller bli medlem av vår gruppe – «gjenreisningsmuseet-forum for skole». Her vil oppdateringar om aktivitetar, artiklar, foredrag og liknande leggst ut.

Nyheit:

Undervisningsopplegg knytt til media, propaganda og demokratisk utvikling

«Ord og bilete er mektige våpen. Misbruk dei ikkje», står det i Ver Varsam-plakaten – dei etiske retningslinjene for norske journalistar. Både i fredstid og krigstid finst det døme på at nettopp ord har blitt brukt som våpen, for å skaffe seg tilhengarar og støtte. Propaganda og sensur har erstatta yringsfridommen og opplysningsretten. Andre verdskrig var ikkje noko unntak. Ord som våpen blei mellom anna kraftig utnytta i dekninga av tvangsevakueringa og nedbrenninga av Finnmark og Nord-Troms. Ved å studere ein periode der yringsfridommen var fråverande, kan det vere lettare å sjå verdien av den.

Fellesfag i norsk, hovudsakleg for vg2 og påbygg:

Kritisk lesing av gamle aviser med fokus på retorisk analyse og lesekontekst

Media var eit viktig våpen under andre verdskrig. Elevane vil bli presentert for ulike avisartiklar knytt til nedbrenninga og tvangsevakueringa av Finnmark og Nord-Troms og få i oppgåve å analysere dei ved hjelp av retoriske verktøy. Elevane vil få øve på sine retoriske ferdigheiter, få ei forståing av behovet for kritisk lesing og lesekontekst, og få ei generell innføring i media og medietekstar.

Tid: 1,5 time

Programfaget Politikk og menneskerettar:

Demokrati og yringsfridom – propaganda og sensur

Ved å studere ein periode der demokrati og yringsfridom var erstatta med propaganda og sensur, blir det tydeleg(are) kvifor vi treng yringsfridom og eit media vi kan stole på, som ein del av dei demokratiske spelereglane. Ved hjelp av arbeid med eldre avistekstar og nyare døme, vil elevane få høve til å lære om media som maktfaktor og medspelar i både demokrati og diktatur.

Tid: 1,5 time

7. og 10. trinn: Éi hending, to framstillingar

Medie-Noreg var under andre verdskrig prega av ei todeling. Det illegale media på den eine sida og dei meir eller mindre nazifiserte avisene på den andre sida. Gjennom arbeid med avistekstar frå begge sider, vil elevane få eit innblikk i korleis dei same hendingane kan framstillast på ulike måtar, mellom anna som eit resultat av at ein har ulik ideologi. Gjennom eit blikk på fortida, vil media si rolle i demokratiet komme tydelegare fram. Elevane får sjølv prøve å lage to ulike framstillingar av den same hendinga.

Tid: 1,5 time

Krig, kjeldearbeid og gjenreising

Historie, vidaregåande: Gjenreisingspolitikk i eit nasjonalt perspektiv

Museet tilbyr ei omvising og oppgåver der fokuset vil vere korleis gjenreisingspolitikken og arbeidet med gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms kan brukast som eit bilete på økonomiske, politiske, sosiale og kulturelle utviklingstrekk i norsk politikk, og på korleis verdiar og haldningar gjorde seg gjeldande i politikken. Opplegget kan tilpassast både historiefaget og programfaget politikk og menneskerettar.

Tid: 1,5 time

Fellesfag i historie, hovudsakleg for vg3 og påbygg:

Kjeldearbeid med krig og gjenreising som tema

Å arbeide med kjelder er ein sentral og viktig del av historiefaget. Gjennom dette undervisningsopplegget får elevane ein kort introduksjon til korleis vi arbeider med kjelder i forskning og i museet. Elevane får vidare arbeide aktivt med kjelder, «pusle saman» fortida og presentere funna for kvarandre.

Tid: 1,5 time

8. - 10. trinn: Minnearbeid og kjeldekritikk

Ein verkstad der elevane sjølv får arbeide med autentiske kjelder og reflektere over historia.

Tid: 2 timar

6. trinn: Spor etter fortida i kjelder

Eit opplegg som gir elevane innsikt i korleis arkiv kan brukast i forskning. Kva lærer vi om fortida ved hjelp av det materialet som har blitt tatt vare på?

Tid: 2 timar

Gjenreising

3.- 7. trinn: Stadsplanlegging

Korleis bygger vi ein god by? Kva for nokre ting må vi tenke på når vi skal planlegge? Ein verkstad om stadsplanlegging.

Tid: 2 timar

1. og 2. trinn: Gjenreisingsarkitektur

Vi snakkar om arkitektur og bygger vårt eige gjenreisingshus i papir.

Tid: 1,5 time

1.-7. trinn: Vi ser på husa og bygger vårt eige gjenreisingshus i papir

Dette opplegget er ei kombinert opplegg med omvising der fokuset ligg på tankane om gjenreisingsarbeidet som eit middel for å bygge «eit betre samfunn», og ein verkstad der elevane får høve til å bygge sitt eige gjenreisingshus i papir.

Tid: 1,5 time

5. trinn: Gjenreisingsarkitektur – ein del av vår arkitektoniske kulturarv

Vi skildrar særtrekk ved bygningar i nærmiljøet og samanliknar med norske og internasjonale stilretningar. Vi lagar enkle skisser av bygningane sitt særpreg.

Tid: 1,5 time

9. trinn: Gjenreisingsarkitekturen som eit særprega fenomen i nasjonal arkitekturhistorie

Elevane får ei innføring i arkitektur generelt og i gjenreisingsarkitektur spesielt, samt ei kort innføring i topunktperspektiv. Etterpå får elevane gå ut i museet sitt nabolag og teikne skisser av gjenreisingshus ved hjelp av den teknikken dei akkurat har lært.

Tid: 1,5 time

Design og handverk: Arkitektur på timeplan

Elevane vil få ei innføring i arkitektur generelt og i gjenreisingsarkitektur spesielt. Etterpå får dei lage skisser og meir eller mindre ferdige gjenreisingshus ved hjelp av topunktperspektiv og etter modell frå gjenreisingshus i museet sitt nærområde.

Tid: 2 timar

Arkeologi og museum

2. trinn: Arkeologi på fagplanen

Her kan elevane besøke museet og steinalderrommet. Vi snakkar om kva ein arkeolog gjer og korleis han arbeider.

Tid: 45 minutt.

1.-3. trinn: Kva er eit museum?

Med utgangspunkt i boka *Kubbe lager museum* får elevane innblikk i korleis vi planlegg og gjennomfører arbeidet med å lage og drive eit museum. Vi les boka og elevane får så teikne og fortelje om kva dei ville hatt med dersom dei skulle ha laga eit museum.

Tid: 1,5 time

Historie, vg3 + påbygg: Kva er eit museum?

Elevane vil gjennom diskusjonsoppgåver og informasjon om museet få høve til å utforske og reflektere rundt spørsmålet om kva eit museum er og bør vere. Kva skal vi ta vare på? Kva skal vi ikkje, eller har vi ikkje, teke vare på? Kvifor skal vi ta vare på fortida i det heile?

Tid: 1 time

Andre verdskrig, evakuering og livet som flyktning

3. trinn: Historier om flukt

Forteljarstund i hòla: Gjennom forteljingar blir ungane kjende med regionen si eiga flyktningshistorie.

Tid: 45 minutt

Mellomtrinnet: «Min koffert er lasta med»

Kva skal vi pakke når ein koffert skal romme heile livet? Elevane får utdelt eit ark som er elevane sin eigen koffert. Her får dei teikne inn dei egedelane dei ville ha teke med.

Tid: 45 minutt

7. trinn: «På flukt»

Med utgangspunkt i Finnmark si historie og dei mange konfliktane i samfunnet, arbeider vi med det å vere på flukt. Menneskerettane og det «å vente» er hovudtema.

Tid: 1,5 time

Alle trinn: Foto som historieforteljar

Med utgangspunkt i utvalte bilete frå evakueringa, får elevane skape sine eigne historier. Her får elevane kombinert arbeid med kjelder og utvikling av historisk medvit, utan at det krev lesing av tekst.

Tid: 1 time

Kulturminner:

Alle trinn: Fuglenesodden

Vi snakkar om og ser på gamle levekår. Korleis var det å ha naustet som arbeidsplass?

Naustet på Fuglenesodden kan brukast til undervisning både for dei minste og for dei som går på vidaregåande skule. Ta kontakt for å tilpasse undervisninga.

Samar, norrøne nordmenn og kvener: «Det flerkulturelle folket»

Alle trinn: «Det flerkulturelle folket»

Gjenreisningsmuseet har heilt sidan det var nytt hatt ein utstillingsdel kalla for «Det flerkulturelle folket». Denne utstillingsdelen kan saman med samestova og steinalderrommet vere ei fin ramme for å fortelje om samisk og etter kvart norrøn og kvensk busetting heilt frå steinalder og fram til vår tid. Det vil vidare vere naturleg å snakke om korleis samspelet mellom dei ulike folkegruppene har arta seg både i positiv og negativ forstand. Stikkord vil vere identitet, fornorsking, nasjonsbygging, rasisme, diskriminering, assimilasjon, naturressursar, tradisjon, teknologisk utvikling, kultur, språk og rettigheter for minoritetar. Samane og kvenane si rolle i gjenreisingsperioden, kan òg trekkast fram.

Utstillingsdelane kan brukast både med og utan formidlar frå museet. Museet kan tilby ulike undervisningsopplegg etter avtale med skulen.

1. trinn: Besøk i samestova

I samestova sakk vi om livsgrunnlag, og om det å ta vare på tradisjonar. Elevane får designe si eiga kufte.

Tid: 1,5 time

Programfaget Sosiologi og sosialantropologi: Nordnorsk befolkning – eit fleirkulturelt folk på god og vondt

Ein konsekvens av å skape eit «vi» er at vi skaper eit «dei». I norsk historie har det ofte vore eit mål at «dei» skal bli meir som «oss»/«vi». Ved hjelp av ulike kjelder og bilete får elevane høve til å «oppdage» desse mindre fordelaktige sidene ved norsk historie, sjå på korleis fornorskingspolitikken har fått konsekvensar for samane og andre norske minoritetar, sjå kva som fører til endringar i ein kultur og elles lære meir om det fleirkulturelle Noreg på godt og vondt. Opplegget legg både opp til gruppearbeid, elevpresentasjonar og samtalar i plenum. *Opplegget kan òg tilpassast andre fag, til dømes historiefaget.*

Tid: 1,5 time

Alle trinn: Telemuseet

Teknologien set grenser og opnar opp handlingsrommet som menneske lever under. Museet tilbyr ei omvising i telemuseet der fokuset vil vere nettopp på korleis ny teknologi har påverka liva til folk, gjort kommunikasjon raskare og lettare og korleis dette igjen har ført til ringverknadar på andre samfunnsfelt. Som ei avslutning får elevane høve til å tenke ut nyvinningar, teikne dei og presentere korleis denne nyvinninga vil påverke liva våre.

Tid: 1,5 time

Når det nærmar seg jul: Forteljingsstund og minijuleverkstad for 1.-4. trinn

Når det nærmar seg jul kan elevane komme til oss og få høyre små forteljingar om korleis barn og vaksne opplevde julefeiringane under krigen og i tida etterpå. Vi snakkar om korleis krig og etterkrigstid påverka julefeiringa og barndommen og korleis dagens samtid påverkar julefeiringa. Etterpå har vi ein liten juleverkstad der vi lager julekort.

Tid: 1,5 time

Smakebitar på skuleprogrammet for neste semester

NB! Fullstendig Skuleprogram for våren 2018 vil bli sendt ut i november/desember.

4. trinn: Kva er eit museum? Korleis arbeider ein på museum?

Elevane får høve til å bli kjende med korleis vi arbeider på eit museum og kvifor det finst museum. Dei følgjer eit objekt si vandring frå kvardagsgjenstand til museumsartefakt. Elevane får bli kjent med ulike arbeidsroller i museet.

Tid: 2 timar

4. trinn: Gåtefulle Forsøl

Steinalder og kulturminner i Forsøl, DKS-opplegg i juni.

NB! Sidan dette opplegget blei avlyst i juni, vil dei som går i 5. klasse i år få høve til å gjennomføre dette opplegget i veke 35.

5. trinn: Fiskereiskapar i naustet på Fuglenesodden

Vi ser på utviklinga av reiskapsteknologi i fisket.

9. Trinn: Andre verdskrig med fokus på Finnmark si historie

2,5 timar med foredrag + omvising + verkstad

Vi kan tilby museet sine hovudsutstillingar (med eller utan guide)

Omvising tar om lag 45 minutt. Ta kontakt i forkant så kan vi avtale nærare kva de ynskjer at vi skal fokusere på i omvisinga.

Hovudutstilling: Krig, evakuering og gjenreising. Utstillinga kan brukast som ramme til skulen sitt eige undervisningsopplegg.

Telemuseet: Historikk om telekommunikasjon – frå morse til mobil. Telemuseet er eit godt utgangspunkt for å sjå korleis livet til menneska har endra seg i takt med teknologien. Telemuseet kan brukast til undervisning både for dei minste og for dei som går på vidaregåande skule. Ta kontakt for å tilpasse undervisninga.

Fuglenesodden friluftsmuseum: Gjenreisingshus og naust, Melkøya-familien sitt liv, Meridianstøtta, Skansen forsvarsanlegg og heksebrenning. Dette er fine rammer rundt eige opplegg frå skulen. Opplegget kan gjennomførast med guide, men kan òg gjennomførast på eiga hand. Ta kontakt med museet for utlån av nøklar til å komme inn i husa.

Tips: Kulturminner i nærmiljøet: Natur- og kulturminner kan brukast i samband med tema som elevane arbeider med innanfor ulike fag. I tillegg kan elevane vere ute og bli kjent med kulturminner i nærmiljøet. På heimesidene våre finst det temahefte til fri bruk for dei ulike turane.

Gammelveien: Restane av skyttargravene, staden for torvhenting, Middagsstanga, Klinkastupet, Jansvannet, Jansvannskogen og Trelleborgsveien.

Sikk-sakkveien/parken: Musikkpaviljongen, fontena og Ole Olsen.

Fuglenesodden: Meridianstøtta, kolkрана, Skansen, fyret, gjenreisingshus.

Kirkegårdsbukt: Kultursti, hustuffer, steinalder og jernalder.